

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
097/14	Levekårsutvalet	PS	27.11.2014
106/14	Kommunestyret	PS	27.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Anne Wergeland	14/6105

Kommunedelplan for skule 2014-2018 - innspel til og framlegg til vedtak om planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogram for kommunedelplan skule 2014-2018 vert godkjend.

Levekårsutvalet - 097/14

LE - behandling:

Framlegg frå Jostein Hellesveit-SP:

Planprogram for kommunedelplan skule 2014-2018 med tema endring av skulestruktur vert avvist.

Kommunedelplan for skule vert rullert tidleg i neste kommunestyreperiode, der alle tema vert tatt opp.

Framlegget frå J. Hellesveit-SP fekk 1 røyst og fall (Jostein Hellestveit-SP).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster (Anne Julie Hetland-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Rolf Nesheim-V, Gudmund Husdal-Frp, Asle Hetlebakke-Krf, Vetlemøy Wergeland-Krf, Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf, Bjørn Brunborg-AP, Mette Bøe-AP).

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 27.11.2014:

Planprogram for kommunedelplan skule 2014-2018 vert godkjend.

Kommunestyret - 106/14

KO - behandling:

Framlegg frå J. Hellesveit-SP:

Planprogram for kommunedelplan skule 2014-2018 med tema endring av skulestruktur vert avvist.

Kommunedelplan for skule vert rullert tidleg i neste kommunestyreperiode, der alle tema vert tatt opp.

Framleggget fekk 4 røyster og fall (SP og K.Gaulen-Krf)

Innstillinga frå levekårsutvalet vart vedteke mot 4 røyster.

KO - vedtak:

Planprogram for kommunedelplan skule 2014-2018 vert godkjend.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet.

Saka skal avgjera i Kommunestyret.

Bakgrunn

Saka vert lagt fram på bakgrunn av vedtak i kommunestyret 21.mars 2013 om rulling av kommunedelplan for skule og vedtak i formannsskapet 9.januar 2014 om omstellingsprogram for Lindås kommune. Kommunestyret vedtok 18.september 2014 å sende planprogram for kommunedelplan for skule 2014-2018 ut på høyring.

Intensjonen med å gjennomføre ein kommunedelplanprosess, er å sikre innbyggjarane si medverknad og høyring etter Plan- og bygningslova ved eventuell endring i skulestrukturen.

Vurdering

Rådmannen har fått fem (5) høyringsuttalar til planprogrammet. Kort gjennomgang av uttalane til framlegg til planprogram:

1. Foreldrerådet sit arbeidsutval (FAU) v/ Eikanger skule: Innspelet har lite relevans til planprogrammet, men peikar på at det i tidlegare rundar har vore for lite nyansert og upresis kunnskap som ligg til grunn når ein studerer folketalsutvikling og

krinsgrenser. Kvalitetssikring av tal er svært viktig, og FAU oppmodar om at ein gjerne må hente inn lokal-kunnskap om avstandar og grenser. Innspelet vil følgje saka vidare i prosessen.

2. **Samarbeidsutvalet (SU) ved Kløvheim skule:** Noko av innspelet er knytt til punkt 5 i planprogrammet – «Tema og avgrensing av innhald». SU peikar på at avgrensinga som er gjort, kan ende opp med at ein i Lindås kommune ikkje lenger har plass til fådelte bygdeskular. Vidare vert det vist til vedtaket frå mars 2013 om at «administrasjonen greier ut om ny felles skule for Eikanger og Kløvheim» ikkje er gjort, og at dette vedtaket heller ikkje samsvarar med at kommunen ynskjer å redusere driftskostnadane slik det går fram av økonomiplanen. SU kan ikkje sjå at det er økonomi til å byggje ein ny skule i staden for desse to skulane. Vidare i innspelet kjem SU inn på folketalsprognose, elevtalsutvikling, investeringsbehov ved strukturendringar og konsekvensar av framlegg til alternative løysingar av framtidig struktur. Innspelet frå SU vil følgje saka vidare i prosessen.
3. **Skulegruppa for vidareføring av Kløvheim skule:** Heile innspelet har relevans i forhold til sjølve planarbeidet og vert tatt med vidare i planprosesssen.
4. **Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule:** Påpeikar at ein har lagt planprogrammet ut etter feil paragraf. I kunngjeringa vert det vist til §12.10 i plan- og bygningslova. Denne paragrafen omhandlar reguleringsplaner. Planprogram er regulert i § 4-1 og § 11-13 i same lov. Rådmannen ser feilen som her er gjort, og dette vil eventuelt bli retta opp i samband med neste høringsrunde . Rådmannen vurderer det slik at det ikkje kan ha vore tvil om kva dokumentet omhandlar og kva høringsinstansane eventuelt skulle uttale seg om.

SKMU stiller vidare spørsmål ved avgrensing av planen til to av tre ungdomsskulekrinsar. Tema for rulleringa er etter deira mening så «innsnevra geografisk og tematisk at det ikkje fell inn under rammene for «kommunedelplan verktyet» i Kommunelova og Plan- og bygningslova når det gjeld forankring, heilskap, medverknad og legitimitet.» Rådmannen vil i denne samanheng vise til planprogrammet og kva som ligg til grunn for at ein har vald å gjennomføre ei tematisk avgrensa kommunedelplan denne gongen. Tidlegare kommunedelplanar for skule har gode skildringar av innhald og kvalitet i grunnskulen, elevtalsutvikling, nærskuleprinsipp og krinsgrenser. I tillegg ein grundig gjennomgang av eksisterande skular i samband med rulleringa våren 2013. Når rådmannen no vel å leggja fram eit nytt planprogram og planprosess der tema og innhald er avgrensa, må dette sjåast i samanheng med tidlegare planprosessar og plandokument. Kommunestyret sitt vedtak i desember 2013 om å redusera driftskostnadane til eit langsiktig berekraftig nivå, fører med seg at det må takast nokre avgjerande politiske val. Om ikkje det vert gjort endringar i organisering og struktur, må utfordringane møtast gjennom ein generell reduksjon av tenestenivå. Det er i lys av dette, rådmannen ynskjer ein avgrensa kommunedelplan for skule nr. Innhalde i planprogrammet syner at krava i [plan- og bygningsloven §§ 4-1 og 11-13](#) vert følgd.

Uttalen frå SU/SKMU har også eit avsnitt om feil sakshandsaming og på den bakgrunn ber SU/SKMU om at «kommunedelplan skule nr vert teke opp i heile sin breidde når nytt Kommunestyre er i virke etter kommunevalet hausten 2015». Dette gjeld ikkje denne saka med arbeidet med «Kommunedel for skule 2010-2020». SU/SKMU har bedt Fylkesmannen «om å føreta ei lovlegvurdering av dei prosessar og vedtak som er gjort rundt temaet «kommuneplan strategisk del, - kapittel grunnskulen, og kommunedelplan for grunnskulen i Lindås kommune frå og med rulleringa i 2009-10 og fram til dags dato». Rådmannen avventar Fylkesmannen sitt svar til dette innspelet, men vil peike på at sakshandsaming av tidlegare

kommunale planar og delplanar ikkje vedkjem arbeidet med denne kommunedelplanen. Det er kommunestyret som gjer vedtak om planarbeid som skal gjerast i valperioden. Sittande kommunestyre har vore aktivt med i alle planprosessar så langt. Nye planprogram for perioden 2015-2019 vert ei sak for neste kommunestyre.

5. **Utdanningsforbundet i Lindås:** Stiller spørsmål ved om det er rett å avgrensa innhaldet til å gjelda to av tre ungdomsskulekrinsar. Avgrensinga i planprogrammet, gjer dei bekymra for skulane i Knarvik ungdomsskulekrins. Desse ligg i eit pressområde som ikkje må gløymast. Det vert og peika på framdriftsplanen og at denne må sikre forsvarleg handsaming, gode prosessar og medverknad. Vidare rår Utdanningsforbundet til at referansegruppa vert utvida med verneombod frå dei aktuelle arbeidsplassane. Rådmannen støtter Utdanningsforbundet i dei krava dei sett fram. Planprogrammet slik det ligg føre, skal kunne sikre gode prosessar og medverknad. Ei utviding av referansegruppa vert og støtta. Utdanningsforbundet har henta fram tidlegare uttaler til kommunedelplan skule og rullering av denne. Uttalene vil følgje saka vidare i prosessen.

Mange av innspela omhandlar som peika på over, innspel til sjølve planarbeidet/prosessen fram til kommunedelplanen vert lagt fram for kommunestyret til endeleg vedtak i mai 2015. Dei fem uttalane vil derfor følgje saka vidare. Det same vil høyringsuttalar frå tidlegare behandling av kommunedelplan for skule da det i fleire av dei nye uttalane vert vist til desse.